



LINDÅS KOMMUNE
Kvernhusmyrane 41
5914 ISDALSTØ

Dato: 25.04.2019
Vår ref.: 2019/195-63
Saksbehandlar: evevaul
Dykkar ref.:

Irene Wilhelmsen

Tilskot til trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring 2019

Takk for dykkar søknad om tilskot frå ordninga «Trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring». Me har den glede å melde at de har fått innvilga tilskot! Nokre av kommunane har søkt om tilskot til fleire tiltak. Kva tiltak som får tilsegn om støtte finn de i tabellen nedanfor.

Tilskotsordninga for trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring har som tidlegare år, etter politiske ønskje kome til gjennom ei ekstraløyving over budsjettet. Ekstraløyvinga for 2019 var på 42 mill. kr og skulle fordelast mellom tilskotsordninga og trafikksikring- og punktutbetringstiltak i Kvamsbrekka (Lindås kommune), Langhøyane (Radøy kommune) og Kvednabekkjen bru på Opstveit i Matre (Kvinnherad kommune). Fylkesrådmannen føreslo 7 mill. kr. til tiltak på desse stadane, i tråd med Statens vegvesen sine vurderingar av venta forbruk for 2019. Det inneber ei ramme for tilskotsordninga på 35 mill. kr. I tillegg kom overførte midlar på 0,55 mill. kr frå tilsvarende tilskotsordning i 2018.

Til fristen 25. februar kom det inn 52 søknadar frå 23 kommunar, med ei samla søknadssum på til saman 113 mill. kr. Søknadane vart fagleg vurdert av fylkeskommunen og Statens vegvesen før tildelingssaka vart sendt til politisk handsaming. Etter innstilling frå *fylkestrafikksikringsutvalet 2.* april gjorde *utval for miljø og samferdsel* følgjande vedtak i møtet 10. april 2019:

Vedtak, politisk sak 39/19

I sak om fordeling av ekstraløyving og tilskotsmidlar til trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring, gjer Utval for miljø og samferdsel følgjande vedtak:

1. Ekstraløyvinga til trafikksikring på 42 mill. kr., vedtatt av fylkestinget i sak om årsbudsjett for 2019 (PS 106/2018), vert fordelt slik:

- a. Til trafikksikring- og punktutbetringstiltak i Kvamsbrekka (Lindås kommune), Langhøyane (Radøy kommune) og Kvednabekkjen bru på Opstveit i Matre (Kvinnherad kommune) vert det sett av høvesvis 5 mill. kr, 1 mill. kr og 1 mill. kr for 2019.*
- b. Dei resterande 35 mill. kr. vert sett av til ramme for tilskotsordninga for trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring.*

2. Utval for miljø og samferdsel legg til grunn at trafikksikring- og punktutbetringstiltaka i Kvamsbrekka vert fullfinansiert over fylkesvegbudsjettet for 2020, med ei ny løyving på inntil 10 mill. kr.

3. Utval for miljø og samferdsel gir tilsegn om tilskot frå ordninga Trygg skuleveg og punktutbetring til følgjande tiltak:

Kommune	Omtale av tiltaket	Tildeling
Askøy	Fv216 Kleppevegen - Intensivbelyst og universelt utforma fotgjengarovergang	408 000
Askøy	Fv216 Kleppevegen v/Amfi og Kleppe skule - Intensivbelyst fotgjengarkryssing,	233 000
Askøy	Fv563 Florvåg - Intensivbelyst og universelt utforma fotgjengarovergang	440 000
Austevoll	Fv546 Hundvåkøy - Fotgjengarovergang ved 5-arma rundkøyting	700 000
Austrheim	Hjertesone Kaland barne- og ungdomsskule - 350 m fortau frå busslomme til skulen	1 550 000
Bergen	Hjertesoneskilt til 66 barneskular i Bergen	536 600
Etne	Hjertesone Enge skule - Fotgjengerovergang Holmavegen	227 400
Fitjar	Fv545 Fitjarsjøen - Fotgjengarovergang	300 000
Kvinnherad	Hjertesone Undarheim skule - Opphøgd fortau, lyssetting og kryssingspunkt	785 000
Kvinnherad	Fv48 Korsneset - Tilrettelegging av kryssingspunkt, forlenging av belysning	275 000
Kvinnherad	Hjertesone Halsnøy skule - Kryssingspunkt på Eidsnesvegen	250 000
Lindås	Hjertesone Eikanger skule - Avsleppingsone (vendesløyfe) og fortau	2 000 000
Lindås	Fv57 - Kantsikring gs-tilbod Knarvik-Isdalstø og dekkefornyng gangvegar	2 000 000
Masfjorden	Fv570 Mjanger-Hope - Punktutbetring, møteplassar/passeringslommer	3 100 000
Meland	Fv247 Holme - Vegutbetring	5 000 000
Osterøy	Fv567 Småland - Gang- og sykkelbru	3 300 000
Osterøy	Fv369 Hatlandsskiftet - G/s-tilbod parsell 1	2 500 000
Samnanger	Fv7 Ådland - Intensivbelyst fotgjengarkryssing. Fv48 Øystebø - Vegbelysning	500 000
Stord	Fv544 Leirvik - Intensivbelyst gangfelt i kryss mot Kv1076 Lønningsåsen	180 000
Sund	Fv202 Kausland-Glesnes - Gs-tilbod m/ veglys til ny skule	2 500 000
Sveio	Fv 541 Vikse skule-Straumen - Gs-tilbod m/ veglys	4 000 000
Ullensvang	Fv108 Husevegen - Fortau langs skuleveg	1 350 000
Vaksdal	Fv314 Dale sentrum - Fortau med veglys	850 000
Vaksdal	Fv569 Straume skule - Veglys og utbetring av busslomme	500 000
Vaksdal	Hjertesone Vaksdal skule	60 000
Voss	Fv307 Palmafossen skule - Kryssutbetring og busslomme med fortau, gangfelt og intensivbelysning	2 000 000
SUM		35 545 000

Saksdokument og vedtak

Saksutgreiing og saksprotokoll (vedtak) er vedlagt dette brevet. Alle saksdokument (inkludert søknadar og vedlegg) ligg tilgjengeleg på våre heimesider:

<https://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=938>

Presisering til vedtaket

For tildelingane gjeld dei merknadar som kjem fram av saksutgreiinga. Under overskrifta «Merknadar til føreslått tildeling» står det følgjande:

Samnanger kommune har levert ein søknad som inneheld to ulike tiltak (**tiltak nr.36**). Her søker kommunen om tilskot til intensivbelyst fotgjengarkryssing på Fv7 Ådland, og til vegbelysning på Fv48 Øystebø. Fylkesrådmannen tilrår tildeling til tiltaket på Fv7, men ikkje tiltaket på Fv48. Statens vegvesen reknar likevel med at heile søknadssummen vil gå med til tiltaket. Tiltaket vert difor føreslått med full tildeling. Det same gjeld for **tiltak nr.30** (Fv57 - Kantsikring g/s-tilbod Knarvik-Isdalstø og dekkefornyng gangvegar, Lindås kommune), der ein også har ein todelt søknad. Her rår fylkesrådmannen til tildeling av heile tilskotssummen til kantsikring av gang- og sykkeltilbodet i

Isdalbakken langs Fv57. Også her meiner Statens vegvesen at heile søknadssummen fort vert nytta til kantsikringa. Statens vegvesen har her stadfesta at dei kan stå for gjennomføring av tiltaket.

Tiltak nr.46 (*Fv108 Husevegen - Fortau langs skuleveg, Ullensvang herad*) er føreslått med redusert løyving. Dei har søkt om eitt tiltak, men dette er delt i to. Det vert rådd til at del 1 av tiltaket vert gitt tilsegn om tilskot, då denne har høgast prioritet i heradet. Del 2 av prosjektet er like fullt vurdert som eit viktig og fagleg godt tiltak.

Fylkesrådmannen føreslår tildeling til utbygging av gang- og sykkeltilbod (parsell 1) på Hatlandsskiftet på Osterøy (**tiltak nr.35**). Kommunen fekk tilskot frå fylkeskommunen i fjor til bygging av parsell 2. Kommunen ønskjer å byggja sjølve. I kontakten med Statens vegvesen må dei teikna opp ei løysing som syner korleis ein skal løysa kryssingsproblematikk ved avkøyrse til ungdomsskule og idrettsplass.

Me ber Lindås og Samnanger kommunar merka seg at sjølv om tabellen i vedtaket omtalar begge delar av dei todelte tiltaka **nr.36** og **nr.30**, er det altså berre den eine delen av desse tiltaka som får tildeling, jamfør merknadane ovanfor. Tilsvarende har Ullensvang herad fått tildeling til del 1 av sitt tiltak (**nr.46**).

Vilkår for tilsegna

Det vert lagt til grunn at tiltaka som har fått tilsegn om midlar skal gjennomførast i løpet av inneverande år. Om tilskotsmottakar ser at tiltaket likevel ikkje lar seg gjennomføra innan utgangen av 2019, må vedkommande snarast melda dette til fylkeskommunen, og seinast innan byrjinga av desember 2019. Dette gjeld ikkje for tiltak der det allereie i søknad kjem fram at ferdigstilling må påreknast i 2020. Me ønskjer likevel at det for desse tiltaka vert gitt ei tilbakemelding om status i løpet av inneverande år.

Me ber elles om at de merkar dykk følgjande:

- Kommunane er ansvarlege for eventuelle kostnadsoverskridingar i høve til totalkostnad oppgitt i søknad.
- Om eit tiltak får mindre kostnadar enn skissert i søknaden, vert tildelt støtte redusert tilsvarende. Reelle kostnadar skal kome fram av prosjektrekneskapan som skal følgja sluttrapporteringa.
- Hordaland fylkeskommune sin revisor kan gjennomføra kontroll med at tilskotet vert forvalta slik det går fram av søknad og vedtak.
- Om tilskotsmottakar gir misvisande opplysningar, eller ikkje nyttar tilskotet i samsvar med vilkåra, vil tilskotet verta avkorta/inndratt.

Særskilt om handtering av mva.

Det er gitt tilsegn etter kostnadar eks. mva, slik dei er oppgitt i søknadane. Kommunane som vel å gjennomføra tiltaka sjølve, er sjølve ansvarlege for handtering av meirverdiavgifta.

Når kommunen gjennomfører tiltak på fylkesveg

Der tiltaka er på fylkesveg er det ein føresetnad at kommunane som sjølv skal stå for gjennomføringa, tidleg tar kontakt med Statens vegvesen for nærare avklaringar og naudsynt informasjon. Det er viktig med ein god dialog mellom kommunen og Statens vegvesen gjennom heile prosessen.

- Prosjektet må prosjekterast og byggast i samsvar med Statens vegvesen sine normalar og retningslinjer. Hugs å få grunnlagsinfo frå Geodata hjå Statens vegvesen for korrekt innmåling og

innlegging av data i NVDB. Den enkelte kommune bør ta kontakt med den enkelte vegseksjon for å sikre god datafangst og oppfølgingsrutinar før oppstart. Det skal vera underskrivne gjennomføringsavtalar **før** oppstart av anlegget etter Statens vegvesen sin mal.

- Eventuelle kommunale leidningar og infrastruktur skal byggjast etter kommunaltekniske normer. Hugs at det skal søkjast om nedlegging av kablar, røyr m.m. til Statens vegvesen.
- Kommunen skal vere prosjektet sin byggherre på vegne av fylkeskommunen, og er ansvarleg for at prosjektet vert bygd etter gjeldande lovverk og reguleringar.
- Kommunen er ansvarleg for å gjennomføre all grunnnerv og prosjektering/byggeplanlegging. Hugs at oppmåling og grunn skal overførast Statens vegvesen på vanleg etter Statens vegvesen sin metode.
- Kommunen skal sende arbeidsvarslingsplan til Statens vegvesen som skal godkjennast før byggestart.
- Kommunen er ansvarleg for utlysning og gjennomføring av anbudet iht. lov om offentlege anskaffingar.
- Statens vegvesen skal godkjenne og overta anlegget etter det er ferdigstilt på vegne av Hordaland fylkeskommune. Overtaking av veganlegget skal skje ved eigen overtakelsesforretning etter at anlegga er ferdigstilt etter nærare avtale. Det er kommunen som skal **overta** anlegget frå entreprenør, og kommunen skal **overlevere** til Statens vegvesen med gjeldande dokumentasjon.

Rapportering og utbetaling

Kommunane som står for gjennomføring av eigne tiltak må fylla inn rapporteringsskjema, levera prosjektrekneskap med endelege kostnader og dokumentera tiltaket med før- og etterbilete. Utbetaling av tilskot vil skje så snart tiltaket er ferdigstilt, og rapporteringsskjemaet med vedlegg er sendt inn. Siste frist for å senda inn sluttrapport er 1. desember 2019. For toårige prosjekt er fristen 1. desember 2020. Lenkje til rapporteringsskjema vil de finna på nettsida for tilskotsordninga: <https://www.hordaland.no/tryggskuleveg>

For tiltak der Statens vegvesen står for gjennomføringa, vil løyvingar og rapporteringar følgja etablerte prosedyrar.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Even Vaular
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Saksutgreiing Trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring 2019 - sak PS 39-2019 - MISA 100419
- 2 Saksprotokoll Trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring 2019 - sak PS 39-2019 - MISA 100419